

Oslobuss v/Svein Bush Iversen

Dato: 25.11.2016
Vår ref.: 2016/34511-2
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Orientering om framgangsmåte ved søknad om ruteløyve i Hordaland

Vi viser til dykkar epost av 25.11.16 med førespurnad om informasjon i samband med søknad om ruteløyve.

Søknad om det skisserte ruteløyvet skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Søknaden må innehalde følgjande:

- Firmaattest.
- Politiattest i **papiroriginal** for dagleg leiar eller transportleiar av nyare dato enn tre månader.
- Attest om restansar på skatt, avgift mv frå kommunekasserar eller skattefut.
- Stadfesting frå konkursregisteret.
- Kopi av turvognløyvedokument.
- Forslag til ruteplan. (Ruterase, rutetider mv.)
- Forslag til takstregulativ og eventuelt informasjon om vederlag frå andre enn passasjerar.

På grunn av reglane i forvaltningslova og yrkestransportlova må det påreknast ei sakshandsamingstid på ca 4 månader frå søknadsdato. Denne opplysninga er å sjå på som mellombels svar. De vil få melding dersom sakshandsamingstida vert vesentleg seinka.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Åshild Fossgard Sandøy